



Til

Kirkerådet  
Sendt på e-post

Dykkar ref:	Vår ref:	Arkiv nr:	Dato:
	Grbu /181	008	11.12.2018

### Høyring : Kyrkjeordning for Den norske kyrkja.

Ullensvang kyrkjelege fellesråd handsama i sak 21 den 5. desember høyringsdokumentet og har følgjande uttale til denne:

#### **SAMRØYSTES VEDTAK:**

Ullensvang kyrkjelege fellesråd ser det som positivt at Kyrkerådet legg opp til ei vidareføring av oppgave- og ansvarsfordelinga slik den er i dag.

§ 5 Tenestefelleskap og dei vigsla tenestene.

Siste setninga om kven som er vigsla til teneste bør falla ut. Det er uheldig at nokon av stillingane i Den norske kyrkja vert framheva spesielt i teksten. Alle som arbeider i kyrkja er gjensidig avhengig av kvarandre for at oppgåvene skal verta utført.

Fellesrådet vil og merka at kyrkja for framtida kanskje bør vurdere vigsling av tilsette utan at dei nødvendigvis inngår i kriteria og tenesteordninga til dei stillingane som her er trekt opp.

§ 6 Organisering av Den norske kyrkja.

Det er godt at det står at kyrkja er landsdekkande. Det står at kvar kyrkjelyd har ei ordna presteteneste. Soknet er den grunnleggjande eininga i kyrkja. Det er viktig at kvart sokneråd har ein fast prest å halda seg til. Dette bør koma tydelegare fram.

§ 11 Tilhøyrsløse og medlemskap

Det er i praksis ikkje presten som fører kyrkjebøkene og har ansvar for inn- og utmelding. Det er fint om denne paragrafen får ein noko anna ordlyd som svarar til praksis og samstundes gjev presten høve til å gå i samtale med folk når det er ønskjeleg.

§ 15 Organa for soknet

....Soknerådet innanfor ein og same kommune kan med godkjenning frå bispedømmerrådet etablera eit felles sokneråd etter nærmare føresegner fastsett av Kyrkjemøtet.....

Det må ikkje såast tvil om at fellesrådet framleis skal eksistera som eige organ. Om det ikkje vert slått fast at ei felle s sokneråd skal ha same ansvar som sokneråd i kommunar med fleire sokn kan det oppstå uro kring ei slik samanslåing, og det er ingen tent med.



**DEN NORSKE KYRKJE**  
**Ullensvang kyrkjelege fellesråd**

§ 16 Soknerådet si samansetjing.

I kommunar med berre eit sokn **kan** kommunen velja eit medlem .....

Så lenge kyrkja vert finansiert er det viktig at fellesrådet har eit sentralt medlem frå kommunen med i sitt råd. Det beste er om ein frå formannskapet er medlem – sekundært frå heradsstyret. Kan det **oppmodast sterkare enn ordet kan** – bør det brukast ei anna formulering.

§ 28 Forvaltning av kyrkjene og avgrensing av rådvelde.

Soknerådet fører liste.....

Anskaffing og avhending av utstyr skal godkjennast av biskopen. Dette er ei ordning som ikkje fungerer i praksis. Den er gamaldags og tungrodd. Ein prest er fast medlem av sokneråd og fellesråd, og er med og tek avgjerd i alle spørsmål som gjeld inventar i kyrkja. Det bør skiljast mellom direkte liturgisk inventar og anna som er i kyrkja. Presten som sit i rådet må ha kunnskap nok til å kunna skilja mellom kva inventar som bør godkjennast og kva inventar som ikkje treng godkjenning av biskopen.

Venleg helsing

Gerd Rosten Bu  
kyrkjeverja